

Turistbrosjyre - glipp at gjestehamna er utegløymd.

26.04.2017

Kystperleriket Sunnhordland



Kart og guide 2017
visitsunnhordland.no

Gjestehamna i Uskedalen er delvis utelaten i turistbrosjyren Kystperleriket Sunnhordland (Faksimile frå brosjyren)

I turistbrosjyren **Kystperleriket Sunnhordland** er Uskedalen delvis utegløymd med gjestehamn. Vi finn rett nok Uskedalen merka med anker på kartet, men ikkje i opplistinga i ramma ved sida av. Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som er utgjevar, er gjort merksam på feilen. Det må vera ein glipp i arbeidsprosessen, seier dei.



Uskedalen er merka på kartet med anker, men ikke i opplistinga.

I opplistinga er 18 gjestehamner i Kvinnherad nemnde. Rosendal, Husnes og Sæbøvik er sjølvsagt på lista. Det same er mindre gjestehamner som Sundal, Snilstveitøy, Herøysundet og Arnavik, men ikke Uskedalen. Linn Therese Vinje i Visit Sunnhordland er lei seg for utegløyminga. Ho lovar at feilen skal rettast i den digitale utgåva.

Festidalen er med i omtalen av festivalar saman med Skånevikbluesen og Tysnesfest. Av overnattingar er Rabben Feriesenter og Dønhaug Gjestegard nemnde med telefon og e-postadresse. Vi saknar Roy Lervåg med restaurangen Oska omtalt i ramma Mat i verdsklasse. Ulvanoso og Uskedalen burde vore med på lista Topp ti på Sykkel og vandring.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal